



Drømmehagen barnehage
Floghaugane 61
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1702 - 15/11393

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

08.06.2015

Tilskotsmidlar til ordinære private barnehagar, til styrking av kvaliteten på det pedagogiske tilbodet i 2015.

Meland kommune har gjort vedtak om å løyve kr 5 mill til private barnehager i Meland kommune ut over det tilmålte minimumstilskotet som følgjer av barnehageloven og tilhøyrande forskrifter og rundskriv. Detaljer for korleis dette minimumstilskotet vert rekna ut framgår av:

«*Rundskriv Udir7.2014: Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikkje-kommunale barnehager (publisert: 18.09.2014, sist endret: 23.09.2014)*»

Frå rundskrivet kan vi nemne følgjande:

«*§ 1 Formål og virkeområde*

Forskriften skal sørge for at godkjente ikkje-kommunale barnehager behandles likeverdig med kommunale barnehager ved tildeling av offentlige tilskudd. Forskriften gjelder ved kommunens tildeling av tilskudd til godkjente ikkje-kommunale barnehager etter barnehageloven § 14 første og andre ledd.

Til § 1:

Første ledd

Paragrafen angir forskriftens formål og virkeområde, og må leses i nær sammenheng med barnehageloven § 14. Formålet med forskriften er å sørge for at godkjente ikkje-kommunale barnehager blir behandlet likeverdig med de kommunale barnehagene ved tildeling av kommunalt tilskudd etter forskriften.

Forskriften regulerer ikke likebehandling mellom de enkelte ikkje-kommunale barnehagene. Kommunens adgang til å yte tilskudd utover forskriftens rammer følger av forvaltningsloven og de alminnelige forvaltningsrettslige regler om saklighet, rimelighet og likebehandling. Dersom kommunen ønsker å tildele enkeltbarnehager tilskudd utover det som følger av forskriften, må kommunen kunne begrunne hvorfor de ønsker å tilgodese den bestemte barnehagen. Bakgrunnen

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

for dette er det forvaltningsrettslige prinsippet om ikke å foreta usaklig forskjellsbehandling.

Andre ledd

Virkeområdet til forskriften er uttømmende bestemt i andre ledd. Forskriften gjelder ved tildeling av kommunalt tilskudd til ordinær drift i godkjente ikkje-kommunale barnehager etter 1. januar 2011. Forskriften regulerer kommunens plikt til å gi tilskudd etter barnehageloven § 14 første ledd, og der kommunen velger å gi tilskudd til barnehager etter barnehageloven § 14 andre ledd.

Forskriften gjelder ikke ved tildeling av andre kommunale tilskudd eller offentlige tilskudd. Med godkjente barnehager menes barnehager som er godkjent etter barnehageloven §§ 10 eller 11. Forskriften gjelder derfor ved kommunens tildeling av tilskudd til alle godkjente ikkje-kommunale ordinære barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager. Kommunale tilskudd til barneparker reguleres ikke av forskriften.»

Meland kommune har vurdert konsekvensen av ovennevnte vilkår, og finner at det er mogelig for kommunen å yte ekstraordinært tilskot til dei private barnehagane etter individuell søknad frå kvar barnehage om slikt tilskot. Basert på avtale i møte mellom kommunen og representantar for dei private barnehagane i kommunen den 5. juni 2015 skulle kommunen måndag 8. juni komme opp med vilkår og informasjon som kommunen trenger for å kunne handsame slike søknader.

Partane er i møte 5. juni einige om at det er behov for å styrke bemanninga i barnehagane og meir generelt det pedagogiske tilbodet i barnehagane. Dette som følgje av at barnehagane generelt gjev tilbakemelding på at dei for å tilpasse seg eit svært lågt nivå på tilskotet frå Meland kommune har måtte redusere ressursane til dette arbeidet, og ein frykter at dette kan gå ut over kvaliteten på dei tenestene som barnehagane skal yte.

Kommunen oppmodar difor dei private barnehagane til å søke om tilskot til styrking av bemanninga i barnehagane og meir generelt det pedagogiske tilbodet i barnehagane. Søknadsfrist er sett til torsdag 11. juni. I søknaden må barnehagen kort begrunne sitt behov for styrking av det pedagogiske arbeidet, og beskrive korleis dei vil gjennomføre dersom dei får tildelt midlar. Kommunen vil og vurdere barnehagen sin økonomi i handsaminga av søknaden, og behovet for ekstra tilskot i forhold til den økonomiske situasjonen for den einskilde barnehage.

Som vedlegg til søknaden ber vi om at barnehagen legg fram

- 1) Rekneskap for 2014.
Helst vedteke årsrekneskap for 2014 med noter eller førebels rekneskap for 2014 med noter dersom rekneskapen ennå ikkje er handsama i barnehagen sine styrande organ.
- 2) Budsjett for 2015.
- 3) Andre forhold som kan ha påverknad på handsaminga av søknaden

Kommunen vil handsame søknadane raskt med tanke på å fremje sak for formannskapet om tildeling av tilskot i ekstraordinært møte 24. juni 2015. Kommunen tek sikte på utbetaling av tilskotet innan utgangen av juni 2015.

Meland kommune beklagar at søknadsfristen er svært kort, og ber barnehagane om å ta kontakt med barnehagefagleg rådgjevar eller økonomisjef dersom ein har spørsmål i høve til søknaden /søknadsfristen.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Drømmehagen barnehage	Floghaugane 61	5918	FREKHAUG
Leirdalen barnehage	levegen 2	5917	ROSSLAND
Blåklokka barnehage	Melandsvegen 38	5918	FREKHAUG
Læringsverkstedet Flatøy barnehage	Flatøyvegen 72	5918	FREKHAUG
Læringsverkstedet Maurtua AS	Juviknipa 1	5918	FREKHAUG
Leiketun barnehage	Holtermannsvegen	5918	FREKHAUG
	2		
Espira Marthahaugen barnehage	Ådlandsvegen 32	5918	FREKHAUG
Magnar Hellen			